



Også politikar Eswin likte lubbesilda

For fjerde gongen har ein delegasjon frå Kvinnherads vennskapskommune i Guatemala - San Lucas Toliman - vore invitert til Bøkkerverkstaden i Uskedalen. På menyen har det kvar gong stått lubbesild. Og no kan det ikkje lenger vere tvil om at ho styrkjer vennskap. Kanskje er ho like effektiv i så måte som makrell i tomat, som Thorvald Stoltenberg nytta for å byggje bru mellom folk då han var i ei meklar-rolle. I alle fall vart gjestane sitt møte med sild og uskrella potet ikveld vellukka.



Slik ser Guatemala ut. Vennskapskommunen ligg nokonlunde sentralt i landet, 1500 meter over havet

Men så kunne da også dei 4 langvegsfarande nytta silda nesten i same temperaturen som heime sjølv om treffet vart avvikla på brygga. Det var ellers av vanleg Bringedal-standard med trekkspel og songar frå eit internasjonalt repertoar.og med ein effektiv tolk - Magne Fitjar - til å formidla stoffet.



Kristian Olav Bringedal instruerer i eting av lubbesild. Dei 4 frå Guatemala til venstre

Kvartetten som er hos oss denne gongen er tre lærarar og ein som er både lærar og politikar. Den siste er Eswin Buch og han har gjort ein mislykka freistnad på å bli ordførar for eit parti som i stuttversjon heiter Creo. Når han på måndag skal observera vårt val i Rådhuset vil han sikkert plukke opp nyttige tips om demokratiske prosessar.

Men ikkje for det: Rapportar tyder på at landet som til og med har hatt nordmannen Kjell Laugerud Garcia som president no er på rett veg under president Otto Perez Molina. Men framleis har dei 14 millionane som bur på ein tredel av Noreg ein lang veg å gå for å få bukt med fattigdommen. Dei treng all den hjelp dei kan få.

Med seg har Buch lærarane Irma Esperanza Hernandez som også er miljøkonsulent, Maria Filomena de Leon og Diana de Leon. 3 barneskular i Kvinnherad og 3 i Guatemala-kommunen samarbeider om miljø, skog og handtering av søppel.

Delegasjonen har eit hektisk program som inneheld mykje meir enn lubbesild og val. Det er i det heile klårt at dette vennskaps-samarbeidet fungerer mykje betre enn mange andre i den vide verda. Altfor mange som norske kommunar har inngått innskrenkjer seg til to signaturar på ein såkalla kontrakt.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Vennskapstreff ved fjorden i september!